

Vestlandsk etter 1800

Helge Sandøy

Samandrag

Hovudskiljet på Vestlandet går mellom e-mål og a-mål, og grensene mellom dei to dialektområda ligg fast. Men mange tradisjonelle drag har siste hundreåra vore på retur både ved grammatiske utjamningar mellom bøyingsformer og ved innføring av enklare fonologiske mønster. Landsdelen har fått mange tettstadar – ikkje minst industristadar på 1900-talet – og dei kan ha vore pådrivarar i endringsprosessane.

Til slutt i artikkelen blir omfanget av endringane drøfta, og ved ei objektiv kvantifisering ser ein at omfanget siste to hundråra er nokså lite historisk sett, mens det subjektivt kan verke stort.

1 Ein landsdel med god kontakt¹

Vestlandet er langt, og det er kronglete med både fjell og fjordar i alle retningar. Men det har hatt havet og fjorden som open ferdselsveg. Då eidsvollsmennene frå Bergen reiste austover i 1814, rodde (og sigla) dei først nordover og så innover Sognefjorden. Dermed kom dei midtvegs inn i Sør-Norge før dei steig på land i Lærdal for å ta seg over fjellet. Seinare på 1800-talet kom “offentlege kommunikasjonar” med kystrutene frå Oslo drivne med damp, og me fekk fjordabåtar som gjekk i alle retningar og innom nesten kvar bygd. Og “alle vegar” førte til Bergen – men neppe frå Romsdalen, som i perioden vår har vore mest knytt nordover til Trondheim.

I dag er det meste av båtutene vekke, for tunellar, bruer og ferjer gjer det muleg å komme raskare fram. Med moderne næringsliv og meir omfattande kommunikasjon kan det liggje til rette for store språklege utjamningar.

Tradisjonelt har det vore nokså skarpe dialektgrenser i regionen, og dei er det ikkje så enkelt å forstå bakgrunnen for. Skiljet mellom e-mål i nord og a-mål i sør dreg òg med seg skilje i ein del andre strukturelle språkdrag enn berre infinitivsendinga. At Ytre Sogn har e-mål, kan verke underleg, men det viser nok at kontakten nordover og tvers over fjorden har vore betre enn langsetter fjorden. Denne klåre og strukturelt viktige grensa har knapt flytta seg ein meter frå 1800 til 2000.

¹ Eg vil takke Vidar Haslum og Oddvar Nes for nyttige innspel til denne artikkelen.

Det me no kallar vestlandsfylka, er Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Agder er omtalt i eigen artikkel og kjem ikkje med her, sjølv om dialektane i Vest-Agder strukturelt går saman med vestlandsk. Nordmørsk er ikkje med fordi den dialekten er rekna til trøndersk.

2 Kjeldene

Det finst ikkje grundige kjelder om språktilstanden på Vestlandet kring 1800, men me har nokre kjelder ein kan slutte ein del ut frå, som f.eks. eit skodespel frå Os i Hordaland, som er skriva i 1811 av prestesonen Michael Segelche Sandberg (1783–1814) på nokså godt gjengitt dialekt (jf. Seip 1934; Venås 1990: 366–389). Første systematiske beskrivingane var det Ivar Aasen som laga på 1840-talet, og dei kan seie oss mykje om dialektane som dei vaksne informantane hans lærte å snakke då dei var småe, truleg kring 1800. Etter Aasen har det vore mange innsamlarar på Vestlandet. Den første viktige var Christian Vidsteen (1832–1915), som gav ut bøker om sunnhordlandsk (1882), vossamålet (1884) og hardingmålet (1885).

Etter 1900 er beskrivingane fleire. Boka *Sognemålene* av Amund B. Larsen (1926) er spesielt innhaldsrik på detaljar ved at han følgjer eit synoptisk opplegg med oppstilling av alle prestegjelda langs Sognefjorden. Her har han utnytta ungdommane som møtte på sesjon i fylket. Utover 1900-talet har mange skriva artiklar, bøker og teke akademiske gradar på dialektmateriale frå landsdelen.

3 Demografi

Vestlandet har hatt ei lita svinging i delen sin av den samla befolkninga i landet i den tidbolken me ser på, frå 26 % i 1801 til 24 % i 1970, og så ei stiging att til 26 % i 2001. Eigentleg er dette eit svært stabilt relativt tal for landsdelen. For kvart fylke er det derimot ein del forskjellar: Rogaland har auka sin del frå 4,7 til 8,4 %, Hordaland frå 8,8 til 9,9 %, mens Sogn og Fjordane har minka frå 6,0 til 2,4 %, og Sunnmøre og Romsdal har lege konstant på 4,1 %.

Er me opptekne av forholdstalet mellom områda for visse særdrag, kan ein ut frå tala ovafor sjå at a-målet truleg har styrkt den relative delen sin av befolkninga på Vestlandet frå 1801 til 2001, mens det nordvestlandske e-målet har minka litt. Desse overordna tendensane i relative tal må avspegle noko av flyttemønstra. Men mindre flyttingar over lang tid får neppe språklege følgjer. Annleis er det med dei mange industristadane som har vakse

brått fram etter 1900: Svelgen, Høyanger, Årdal, Ålvik, Tyssedal, Odda, Husnes, Sauda og Jørpeland. I 1801 var dette berre smågrender og knapt det; einast Odda kunne kallast ei bygd. I dag er desse og fleire andre tettstadar blitt bysamfunn. På Vestlandet hadde berre Bergen og Stavanger meir enn 1000 innbyggjarar i 1801 (nemleg 18 100 og 2466). I 1875 hadde samfunn på over 1000 innbyggjarar auka i tal, og det samla innbyggjartalet var blitt 83 889; i 2001 låg det på 322 328. Perioden 1875–1950 viser ein folkevekst i tettstadar som har over 1000 innbyggjarar, på 384 %, mens folketalet i heile landet samtidig auka med 249 %. Veksten av bysamfunn har altså vore stor. (Utrekna på grunnlag av Myklebost 1960.)

Også innafor denne landsdelen har det vore ei generell *urbanisering*. I offentleg statistikk blir ein tettstad definert til stad med minst 200 innbyggjarar og mindre enn 50 m mellom husa. Denne folketalsgrensa ligg lågt, og dei fleste tettstadane ligg dermed på landsbygda. Det preget bysamfunn har på storsamfunnet blir truleg betre fanga opp med å sjå på samfunn over 1000 innbyggjarar, slik me har gjort ovafor. Dei mindre tettstadane har neppe gitt noko spesielt grunnlag for dialektendringar, for mange av desse tettstadane har helst trekt til seg folk frå nabogrendene over lengre tid, og dei har derfor neppe skapt større språklege omskifte. Men ein del nye kommunesentrum som voks raskt fram etter dei administrative omleggingane kring 1965, kan nok likevel likne på dei språklege smeltegrytene som industristadane utgjorde tidlegare i hundreåret.


I området for vestlandsk er det berre Tyssedal og Sauda som tydeleg har gitt ein typologisk annan dialekt enn det som var på staden frå før; på desse to stadane gjekk dialekten frå å ha f.eks. infinitivar på *-a* til å la dei ende på *-e* (Ødegård 2013: 17, 57). Alle desse industribyane er generelt prega av å liggje fremst i ymse språklege forenklingstendensar, slik det typiske er for språklege smeltegryter.

Større språklege følgjer har det hatt at dei gamle byane har vakse så mykje ved å leggje omlandet under seg. Typisk i slike tilfelle er at byfolk flyttar ut og buset seg i omlandet, som dermed blir integrert i det store bysamfunnet. Då flyttar språket med dei. Bergen er klåraste eksempelet på slikt på Vestlandet, der byen “slukte” Fana og Åsane utover 1900-talet, og siste tiåra av 1900-talet er òg Fjell og Meland blitt delar av Bergens-samfunnet, sjølv om dei to sistnemnte kommunane framdeles er sjølvstendige. Blant dei unge der er det lite å finne av ikkje-bergensk tale i Meland (Birkeland 2008: 81f.) og Fjell (undersøkt i feltarbeid i 2015). Her har dermed det bergenske e-målet fått utvida det geografiske området sitt siste generasjonane.

Randaberg og Madla/Sola er på same måten blitt integrert i Stavanger både i arbeidsliv og i skolegonge, og den språklege tilpassinga til Stavanger har følgt i same retninga (Doublet 2015). Slik kan det vere nær sanninga å

seie at Bergen og Stavanger ikkje lenger er berre kommunane som ber desse namna, men dei har også tilliggjande “sirkumferensar”, og då utgjer dei ein nokså stor del av folketalet i Hordaland og Rogaland fylke i dag. Her ser me ei målbar og godt merkande geografisk språkending ved at bymåla tøyser seg utover mens det tradisjonelle bygdemålet forsvinn. Desse bymålsekspanjonane har skjedd først og fremst etter andre verdskrigen.

Nedafør skal me drøfte dei språklege endringane i resten av landsdelen.



Kart 1: Vestlandet delt etter infinitivsendinga
(Kartgrunnlag: Kartverket (Creative Commons Attribution ShareAlike 3.0).)

4 Fonologiske endringar

4.1 Stavingskvantitet

Det ser ut til at nordvestlandsk hadde kvantitetsmotsetning mellom kort og lang trykkstaving i tostavingsord på midten av 1700-talet, og romsdalsk hadde det kanskje òg i einstavingsord (Sandøy 2011). I dag er det litt igjen av kontrasten mellom kort- og langstavingar i tostavingsord i nokre romsdalsbygder; elles er dette gamle kvantitetsskiljet blitt avvikla i landsdelen truleg før 1800. Aasen ville svært sannsynleg ha registrert det i sitt eige sunnmørske talemål om det der var distinktivt, men det gjer han ikkje.

4.2 Vokalar

På Vestlandet kan me grovt sett følge eit mønster med mange vokaldistinksjonar i nord (flest på Søre Sunnmøre) og gradvis færre jo lenger sørover me kjem. Slik er det alt i dei eldste oppskriftene. Systemet i søre-sunnmørsk avspeglar inventaret i det mellomnorske systemet (før kvantitetsomlegginga) med å ha gjort motsetninga mellom kort- og lang-vokalane om til kvalitetsforskjellar. (Dei nye kvalitativt skilte vokalfonema har pga. kvantitetsomlegginga både lang- og kortallofonar.) Systemet er klårt dokumentert hos Aasen (1851: 6ff.), som opplyser om 18 vokalfonem, som svarar til klassisk gammalnorsk med unntak av samanfallet av gno. *o* og *ø* – eit samanfall som truleg skjedde i all norsk i seinmiddelalderen. (Jamfør Ulvestad 1966 og 1998.) Det same søresunnmørske vokalsystemet har Olbjørn Øyehaug dokumentert i Ørsta hos generasjonen fødd sirka 1870 òg. Nedafor jamfører vi det med systemet hos generasjonen fødd i 1955 med utangspunkt i bokstavane i “norrøn-normalen” (Øyehaug 1972).

Gno.	í	i	é	e	é	ý	y	ó	ø	ú	u	ó	o	ø	á	au	ei	ey
1870	i	ɪ	e ⁱ	ɛ	æ	y	ɣ	ø	œ	ʷ	ʊ	o ^u	o	ɔ		aʊ	æi	œy
1955	i	ɪ	e ⁱ	æ	y		ø		ʷ	ʊ		ɔ			aʊ	æi	œy	

For /ø/ ≠ /œ/ fann Øyehaug mykje variasjon i 1870-generasjonen og inkje fast mønster for opposisjonen utanom i det eine minimale paret *lœ* f. og *lade* v.: /lœ:de/ ≠ /lœ:de/. Han reknar òg *u*-en (av gno. *u*) som diftongisk: [ʷ] (Øyehaug 1972: 17), og om dét da er ei fonetisk endring etter Aasen reiste frå bygda, kan me ikkje vete. Hos unge fødd kring 1955 fann Øyehaug desse samanfalla: /ɣ + ø + œ/ > /ø/ og /ɛ + æ/ > /æ/, /ʊ + o^u/ > /ʊ/, /o + ɔ/ > /ɔ/, og dessutan går /ɪ/ og /eⁱ/ til /e/ i alle ord utanom dei personlege

pronomena (som altså held oppe fonemstatusen for /eⁱ/). På halvtanna hundreår er dermed vokalfoneminventaret i denne bygda redusert til 9 monoftongar og 4 diftongar: / i, e, eⁱ, æ, y, ø, a, u, u, o, av, æi, øy/ (Øyehaug 1972: 78f.).

I Sunnhordland og Ryfylke er det eit utbreidd system som har samanfall av /e + ε + æ/ i fonemet /e/, men dette fonemet viser stor kvalitetsforskjell i kort og lang realisasjon (jf. [ser – set] 'ser, sett' pres. og perf.pts.). Dermed er systemet der på 8 monoftongar og 3 diftongar, og slik ser det ut til å ha vore i heile tidbolken vår. Men ein æ er ofte kandidat til å vere den niande monoftongen. I Stavangar står 9-monoftongsystemet sterkt att i dag. Tradisjonelt har Jæren (unnateke Sandnes) og Dalane hatt 9 monoftongar, men det er ein tendens i Time òg no til å redusere til åtte (Sandvik 1979: 49f., 51). Her foregår såleis ein del endringar i vår tid, men altså ikkje allstad i same retning. Det same gjeld på allofonnivået, for kort [u] fell mangstad saman med kort [y] i [v] i Ryfylke.

Nord for Sunnmøre har utviklinga gått i motsett lei, dvs. at dialektane har fått fleire fonem. I romsdalsk blei det på 1800-talet utvikla eit system med /ε/ og /æ/ ved ei monoftongering av *ei* og *øy* framom konsonant. Dermed blei systemet utvida til 11 monoftongar (*i, e, ε, æ, y, ø, a, u, a, u, o*) + dei gamle tre diftongane. Denne monoftongeringa har romsdalsk felles med det meste av Nordmøre og noko av Trøndelag (Dalen 1972: 20f.; Sandøy 2011: 36f. og 229f.).

4.3 Konsonantar

a. Skarre-r


Største lydendringa i vestlandsk etter 1800 er den raske utbreiinga av skarre-r. Første omtalen av skarre-r i Norge står i eit brev frå 1824 der Fredrik Meltzer (eidsvollsmannen) frå Bergen fortel at den seks år gamle sonen Lauritz “skurrer på R”. Ein annan son, fødd to år før, “udtaler R meget tydeligen”. Dette tyder på at det var skiftande r-uttale i byen på den tida. (Nesse 2011: 45.) Neste omtalen kjem Ivar Aasen med i dagboka si frå 1842, ei tid etter han hadde vore på opphaldet sitt i Bergen for å besøkje biskop Neumann. Her hermar han etter bergensk slik: “Aa Hæge Gud faag en Taask!” (BD III: 61). I 1846 slår Ludvig Kr. Daa fast at i “Kristiansand og Bergen udtales ethvert R guturalt ligesom i Danmark” (Daa 1846: 164), og det kan tyde på at den nye r-en var nokså gjennomført då.

Då Aasen kom til Ullensvang i 1844, noterte han at “r bliver i en Deel af Distriktet (Ullensvang) udtalt under Ganen, næsten ligesom i Bergen og flere Byer” (Aasen 1844 a: 99). Her har han altså fått inn informasjon om ‘flere Byer’ utan at han sjølv hadde vore i nokon av dei på det tidspunktet, slik at

me kan tolke ut at skarringa var noko språkinteresserte snakka om. Me såg jo òg at Meltzer hadde ei nemning på fenomenet: “skurrer”. I *Det norske Folkesprøgs Grammatik* blir Aasen endå meir presis:

En afvigende Udtale finder Sted i en Deel av Mandals Amt, i en Deel af Hardanger og i Bergen, hvor *r* udtales ved den bagere Deel av Tungen og saaledes nærmer sig til Ganebogstaverne, ligesom hos de Danske. (Aasen 1848: §32.)

I *Norsk Grammatik* er dette blitt utvida til “Byerne i Kristiansands Stift”, og no legg han til “besynderlig” om “et lidet Strøg i Hardanger” (Aasen 1864: §34). Når skarringa her blir omtalt som karakteristisk for desse stadane, kan ein tru at ho er temmeleg gjennomført. Dét må i så fall bety at dei første skarrarane i lokalsamfunna var på plass alt ei tid før 1800.



Kart 2: Skarre-r hos informantar fødd 1900 og 1970 (etter Foldvik 1988).
(Kartgrunnlag: Kartverket (Creative Commons Attribution ShareAlike 3.0).)

Vidar Haslum (2012) argumenterer godt for at Kristiansand kan ha fått skarre-r-en alt på 1740-talet, og han grunngjev det med mønsteret for spreingsbølga som har gått ut frå byen til bygdene rundt, og som det finst nokså pålitelege dateringar for. Dette tyder på at skarre-r-en kom først til Sørlandet, og der like tidleg som i København; seinare kom lyden til Bergen.

Spreiinga ut frå Bergen kom derimot relativt seint, jf. kart 2. At den nye lyden kjem frå kontinentet til desse byane, er ikkje så underleg. Men same r-en i bygdene i Ullensvang har me inga god forklaring på. Ettersom lyden er konstatert der nokså samtidig med at skarre-r-en blei allmenn i Bergen, må det vere tale om to sjølvstendige utviklingar.

Framover 1800-talet spreidde denne lyden seg til fleire sentrum. Han var etablert i Sandnes kring midten av 1800-talet (Oftedal 1972: 431). Dokteren Vidsteen slår i 1900 fast at

Ved Smitte fra de om Sommeren talrige Byfolk har formodentlig ogsaa den hele opvoksende Ungdom paa Strandstedet Lervik paa Stord nu faaet det samme skurrende r, — ofte til Forældrenes store Misnøye. (Vidsteen 1900: XVI.)

Kart 2 fortel om situasjonen kring 1900 og 1970. Siste tiåra har spreinga først og fremst vore rundt Bergen og nordover mot Stadlandet. Hos yngre dominerer [ʁ] i både Rogaland og Hordaland i dag. Han har òg fått sterk posisjon i Sunnfjord i og kring Flørø og noko i Nordfjord, f.eks. viste eit feltarbeid våren 2014 at kring ein tredel av ungdomsskolelevane i Vågsøy skarra.

b. Segmentasjon, differensiasjon og assimilasjon

Segmentasjonen av *ll* (som i *adle* < gno. *allir*) og differensiasjon av *rn* (*bjørn* < gno. *bjørn*) – begge i ordstammar – har vore allment utbreidd i sørvestlandsk. Men segmentasjonen *nn* > *dn* viser ulike mønster etter kva posisjon n-en stod i, som f.eks. når lang *n* i stammen blei til *dn* i ytre Hordaland (som i *kanna* > *kadna*), mens slik segmentasjon skjedde etter lang vokal eller diftong i indre Hordaland (som i praksis er i kombinasjon med eit bøyingsmorfem), slik som i *staid'n* < gno. *steinn* og *steinninn* (nominativ) ‘stein, steinen’ og *øydne* < gno. *eynni* dativ ‘øya’. Differensiasjonen i endestaving skjedde berre i Sogn, Søre Sunnhordland og Ryfylke (f.eks. *gutadne*). Det oppstod såleis mykje geografisk variasjon, og strukturelt representerte desse endringane òg ei sterk komplisering; f.eks. skjedde ikkje endringane i ordstammen framom konsonant – i praksis vil det seie framom samansetningsledd som begynner med konsonant – slik at ein fekk dobbelt sett av stammar av orda, jamfør f.eks. *kådn* mot *kånnband* < *korn*, *kornband*. Som ofte elles blir slike endringar leksikalisert etter ei tid, for *m*, *nn* og *ll* dukkar opp i nye ord utan å bli forandra, og dermed er ikkje fordelinga *dn* – *nn* eller *dl* – *ll* fonologisk styrt lenger. Når så *ld* og *nd* seinare blir til *ll* og *nn* i delar av sørvestlandsk, blir manglande “regelstyring” svært tydeleg, for no står altså *ll* og *nn* svært ofte i posisjonar dei ikkje kunne stå i rett etter segmentasjonen (jf. *keveld* > *kevell*,

senda > *senna*). Når fenomenet blir eit leksikalsk drag, kjem det òg lett på retur, og det ser ein særleg utover 1900-talet at produkta av segmentasjon og differensiasjon gradvis forsvinn. Lengst har *dl* < *ll* halde seg i visse ord.

Assimilasjonane av *ld* og *nd* er nokså gamle i Rogaland, men Aasen registrerte dei ikkje i Sunnhordland på 1840-talet (jf. Aasen 1844 1: 142), der dei no omfattar søre delen. Det industrialiserte oddamålet fekk òg tidleg omlegginga *sand* > *sann* (Sørli 1959: 59; Helleland 2005: 243).

Det nye alternativet som kjem i staden for *dn* (som i *kådn*), var ei tid *n*, altså den eine alternative stammen, som f.eks. unge i Øygarden i 1983 hadde 26,7 % av mot 20,0 % av *rn*. Yngre i 2009 hadde derimot fått 100 % av *rn*. (Villanger 2010: 64.) Rn-former må vere komne frå skriftmål og/eller bymål. Desse formene kom også tidleg inn i Odda, som fekk f.eks. *born* for *bådn* (Sørli 1959: 59; Helleland 2005: 243).

Suffikset for fleirtal bestemt form har differensierte former i Sogn, søre Sunnhordland, Røldal og Nord-Ryfylke, dvs. *bagadn(e)*, *jentedn(a)*. Differensiasjonsproduktet har her hatt ein annan grammatisk posisjon og halde seg lenger, men siste tiåra av 1900-talet har det òg vore noko i tilbakegang. Sandvik fortel at den differensierte konsonantismen forsvann med mellomkrigs-generasjonen i Ryfylke (1979: 84), men *dn* står seg godt i Sunnhordland (Tesdal 1974: 216), og svært godt i Sogn (jf. Haugen 1998: 85).

c. Palatalane

Palataliserte alveolarar er eit nordvestlandsk drag. Men palataliseringsområdet nådde rundt 1900 litt inn i det sørvestlandske a-målsområdet ved at *dl*- og *dn*-produkta etter segmentasjonen og differensiasjonen i nordhordlandsk hadde litt palatal uttale. Dette fanst heilt sør til Herdla og Osterøya (Rundhovde 1964: 63). I både Nordhordland og Ytre Sogn var palataliseringa i tilbakegang tidleg på 1900-talet, og i yngre mål i Sunn- og Nordfjord har ho òg falle ut meir og meir. Hos vaksne i Førde låg bruken på knapt 30 % i 1997, og ungdommane var heilt utan (Sølvberg 1998: 62).

Denne palataliseringa har stått lenger nordom Stad, men der òg vik ho i yngste generasjonen. Ein ser f.eks. i Herøy på Søre Sunnmøre at bruken av palatal *l* og *n* er nede i rundt 50 % hos gutane og rundt 10 % hos jentene midt på 1990-talet, dvs. ungdommar fødd kring 1980, og i endestavingane *-ene* og *-ane* er prosenttala kring 30 hos gutane og nær 0 hos jentene (Abrahamsen 1995: 92). På Nørde Midøya (i Midsund kommune) i Romsdalen har generasjonen fødd kring 1995 i snitt 77 % (Fossheim 2010: 62), og me ser altså tydeleg korleis den geografiske tilbakegangen skjer gradvis frå naboområde til naboområde og frå sør. Fonemstatusen åt palatalane har alltid vore marginal, dvs. at det er svært fåe minimale par med alveolarane, og fonologisk sett har dei difor lita funksjonell tyngd.

d. Den morfofonologiske regelen om palatalisering av velarar

Ein svært komplisert morfofonologisk regel gjeld palatalisering av velarar, som for tradisjonell vestlandsk må framstillast med å nemne ei rekkje morfologiske kategoriar og klassar der ho skal verke slik at *k*, *g* og *ŋ* får ein palatal variant. Det morfologiske mønsteret viser dei fleste stadane fullt samsvar med dei historiske vilkåra i gammalnorsk fonologi. (Indre Sogn manglar regelen om palatalisering av velarar.) Palataliseringa har vore vanleg opp til i dag, men den kompliserte regelen blei i eit par mindre område restrukturert. I sunnmørsk og fjordamålet blei palataliseringa generalisert i heile eintal av svake hankjønnsord og i heile fleirtal av er-klassen i hokjønn, slik at svake hankjønnsord får palatal også i dativ eintal, f.eks. /²ha:ja/, og sterke hokjønnsord også i dativ fleirtal, f.eks. /²sa:ja/, frå gno. *haganum* og *sogunum* 'hagen' og 'sagene'. Her har det altså skjedd ei morfologisk generalisering som gav ein enklare regel, men fleire palatalformer (Aasen 1843: 13; Ølmheim 1983: 74). I indre Sunnhordland og ytre Hardanger er regelen blitt komplisert ved at han ikkje gjeld etter lang vokal: *kejake* og *hage* (dvs. utan palatalisering) (Opedal 1960: 10), og Aarseth (1974: 23) fortel om det same frå Strandebarm, Varaldsøy og Os. Dette fenomenet er også registrert frå Sunnhordland av Aasen (1844 1: 116). Her var altså grensene for desse finurligheitene tydeleg på plass kring 1800, og dei har stått ved lag opp til no når heile regelen fell vekk.

Eit vanleg mønster i vestlandsk er at første etterkrigskulla har palataliseringa nokså gjennomført, mens dei yngre fødd ved utgangen av 1900-talet manglar, som me kan sjå av desse resultatane: Ungdommane fødd kring 1994 i Øygarden (Nordhordland) følgjer palataliseringsregelen i 6,3 % av aktuelle tilfelle (Villanger 2010: 66), i Ullensvang (Hardanger) gjer ungdommar fødd kring 1999 det i berre 2,2 % (Lid 2015: 100), og i Vanylven på Sunnmøre følgjer ingen av ungdommane fødd kring 1996 ein slik regel (Lianes 2013: 80).

5 Morfologi

5.1 Svarabhaktivokal

Svarabhaktivokalen i sein gammalnorsk blei skoten inn framom utlydande *r* der *r*-en stod etter ein konsonant, som når *langr bátr kemr* blei til *ein lange bâte kjeme*. Me ser at denne vokalen blei ståande sjølv om *r*-en seinare fall bort. Han har stått i eit samla område frå og med Sunnmøre i nord til og med Agder og Telemark i sør – med unntak av Nordhordland. Det vanlege er at vokalen er *-e*, men han har vore ein *o*-lyd på Voss og i nokre bygder i Indre

Hardanger (frå og med Sekse/Bleie og nordetter i Ullensvang kommune og dessutan i Eidfjord). Denne såkalla vossa-ù-en – gjerne skriven som *ù* når ein ikkje brukar lydskrift – er noko ulik *o*-en i f.eks. /skø:g/ ‘skog’. I Ullensvang er han nærast [ɔ]. I same området er denne same vokalen brukt i endingane *-ùr* og *-ùna* i fleirtal av svake hokjønnsord, der det altså ikkje er historisk svarabhaktivokal. (Helleland 2005: 242, 245; Opedal 1960: 9.) I dag har denne tradisjonelle *ù*-en stort sett falle saman med vokalen *-e* i indre Hardanger. Det samanfallet er temmeleg gjennomført alt hos første generasjonane etter krigen, og det var komme godt i gang alt eit par generasjonar før 1900 (Lid 2015: 91).

Den geografiske spreininga av svarabhaktivokal er noko ulik frå kategori til kategori; ho rekk vidast i presens av sterke verb og ja-verb (¹*kjeme*, ¹*tele*), noko mindre i adjektiv eintal han- og hokjønn (¹*fine båt* / *skuta*) og i fleirtal av sterke omlydssubstantiv (¹*bøke*), og minst i eintal ubest. form av sterke hankjønnsord (¹*gute*), som det vil gå fram nedafor.

5.2 Substantiv

a. Svarabhaktivokal i sterkt hankjønn

Former som *ein båte* /¹bø:te/ ‘båt’ i ubestemt eintal av sterke hankjønnsord har vore det vanlege i Fjordane fram til siste halvdel av 1900-talet. Ølmheim (1983: 71) fortel at eldre har endelyden, yngre gjerne ikkje. Hos vaksne (48 til 94 år) i Førde i 1997 var bruken av denne svarabhaktivokalen på 50 % i snitt, mens dei unge på vidaregåande var heilt utan (Sølvberg 1998: 73). Lenger sørover finst ikkje den forma, og ho er ikkje registrert ifrå f.eks. Voss og Hardanger, som elles har konservativ morfologi (Heggstad 1932: 26). Derimot finst denne endinga òg i Setesdal og Telemark (Aasen 1844 b: 31, 55).

b. Sunnmørske i-mål


Ei morfologisk endring som har gått raskt, ser me eksempel på i “i-målet” på Søre-Sunnmøre, nemleg i Herøy, Sande, Ørsta og Volda. Det gjeld endinga i sterke hankjønnsord bestemt eintal, som er gått frå /-ɪn/ til /-i/, altså /gø:tɪn/ > /gø:ti/ ‘guten’. Det finst ingen merke etter ein slik uttale i skriftene og notata etter Ivar Aasen, som sjølv kom frå Ørsta. Men hos dei som er fødd på 1890-talet, dukkar den nye i-endinga opp. I granskinga som Dagfinn Worren gjorde av dette seint på 1970-talet, var i-målet dominerande hos dei unge i Ørsta og Volda (Worren 1980), og Sævik (2000: 58) viser 85 % i Herøy og godt over 50 % i nabokommunen Sande ein liten generasjon seinare. Dette var rask spreining.

Denne nyovringa gjeld ikkje berre substantiv som /¹gø:ti/ ‘guten’, men òg andre ord som har systematisk same maskulinmarkeringa: /²nø:ki, ²ɪɲɲi/

²ani, ²ɔ:pi/ ‘nokon, ingen, annan, open (m.)’. I dag skal denne utviklinga vere på vikande front att i Volda (Worren u.p.), og dermed kan dette bli eit eksempel på eit morfologisk intermesso.

c. Delt hokjønnsbøying


Det gamle systemet med delt hokjønnsbøying i bestemt form eintal rår i fleire åtskilte dialektområde i landet, og grensene ligg svært fast. På Vest-Karmøya er endingane *-e* og *-å/-o* enno i bruk i sørvestre delen av Karmøya (frå Sandve i sør til Veavågen i nord) og i Torvastad nord på Karmøya, dessutan på Utsira, Røvær og i Skåre i Haugesund kommune, der det derfor heiter *sole*, men *viso* eller *viså*. I gamle Avaldsnes kommune på Karmøya var felleseendinga *-å* i både sterke og svake hokjønnsord på plass alt i 1740-åra da Knut Leem omsette ein tekst til dialekten der og skreiv f.eks. *Væraa* ‘verda’ f. best. Men denne utjamna bøyingsforma har altså ikkje sigra enno på øya. (Særheim 2011: 111f.) I dette draget er grensene forunderleg stabile.



Kart 3: Området for hokjønnsbøying på Karmøya og Utsira. Delt hokjønnsbøying står vest for grensa. (Særheim 1998: 184.)

Sør på Jæren opplyste f.eks. Jakob Rasch i 1698 om former som viser samanfall mellom svake og sterke: “væraa” og “trunaa” ‘verda, trua’, for å-endinga ville ikkje vere brukt i desse sterke substantiva viss dialekten hadde delt hokjønnsbøying. Truleg har Rasch talegrunnlaget sitt frå bygda Kvalbein, midt i Hå kommune og tett ved der grensa til delt hokjønnsbøying går i dag. Ho har neppe flytta seg mykje på 300 år, for Sirevåg lenger sør i Hå, har framdeles delt hokjønnsbøying, slik dalanemålet sørøst har det. (Særheim 2011: 116.)

I Rogaland og Sunnhordland er det den gamle svake forma på /-o/ eller /-ɔ/ som er blitt felleseending i hokjøn, altså både /¹sø:lo/ og /²vi:su/. I fjordamålet – som har hatt samanfall så langt tilbake me har dokumentasjon,



Kart 4: Delt hokjønnsbøying i Sør-Norge (Papažian & Helleland 2005).
 (Kartgrunnlag: Kartverket (Creative Commons Attribution ShareAlike 3.0).)

dvs. hos Jenssøn (1646) – er det a-endinga frå sterke hokjønnsord som er generalisert. Same vegen går det på øyane på Søre Sunnmøre, der Ragnhild Sævik (2000: 58) finn at ungdommane i Ulstein og Hareid kommunar har ein skår på under 20 % på eiga ɔ-ending i svake hokjønnsord. Endinga –a frå sterke har altså alt overtaket. Denne endringa kan ha spreidd seg frå Ålesund, som fekk samanfallet mellom sterke og svake i etterkrigstida. Hos eldre (60–80 år) tidleg på 1980-talet brukte 62,5 % av Ålesunds-informantane hans Finn Aarsæter (1986: 92) å-endinga, mens 16–20-åringane var nede i 8,3 %. Delt hokjønnsbøying var altså på veg ut der. I Sande og Herøy lenger sør og lenger frå Ålesund er òg same prosessen i gang, og ɔ-prosenten var kring 60 ved utgangen av 1900-talet (Sævik 2000).

d. Svake hokjønnsord i fleirtal

Eldste opplysningane me har frå Voss og Indre Hardanger, viser oss eigne fleirtalsendingar i svake hokjønnsord: /-ɔ(ʁ)/ og /-ɔna/, altså /²vi:sɔʁ -²vi:sɔna/. Som nemnt i bolk 5.1 har denne ɔ-en i fleirtal samtidig med sva-

rabhakti-*ǫ*-en falle saman med *-e* i er-klassen i løpet av 1900-talet, altså både *soler* og *viser*. Lid (2015: 94) viser at overgangen begynte alt hos informantar fødd før 1890, og samanfallet er komme opp i 81 % alt hos informantar fødd i perioden 1929–49, og /*-ǫ*/ er heilt borte i neste generasjon. Dermed fall den spesielle fleirtalsbøyinga i svake fleirtal, slik ho har gjort elles på Vestlandet utanom i romsdalsk, der stordelen av fogderiet framdeles har eiga fleirtalsform av svake hokjønnsord på /*-ǫ*/ eller /*- ʊ*/ i ubestemt form; endinga i bestemt form har redusert form /*-en*/, men den er likevel forskjellig frå endinga /*-ijn*/ i den sterke er-klassen, altså /²vǫgǫ – ²vǫgen/ mot /²sa:je – ²sa:ijn/ ‘vogger – voggene, sager – sagene’ (Sandøy 2011: 31f.).

e. Bestemt form fleirtal

Historisk var det ulik sistevokal i suffikset i bestemt form fleirtal i han- og hokjønnsord (frå *-nir* i hankjønn og *-nar* i hokjønn i gammalnorsk), som i sørvestlandsk skulle gi *-ane*, *-éné* i hankjønn og *-éna*, *-ana*, *-úna* i hokjønn.

I det hardingmålet som Aasen (1853), Vidsteen (1885) og Opedal (1960: 17) beskriv, i vossamålet som både Aasen (1853) og Heggstad (1932) greier ut om, og hos etterkrigsgenerasjonen som Sandøy (1985: 260) framstiller, følgjer sistevokalen det gammalnorske kjønnsmonsteret med unntak av *-ane* i hokjønn

hankjønn: /gʊ:tane, veʝjene/ ‘gutane, veggene’

hokjønn: /sa:jena, my:rane, vi:sena, visəna/ ‘sagene, myrane, visene’

Men hos informantar fødd i 1981–82 har *e*-en fått overtaket som sistevokal (Akselberg 2003: 216). Nordhordlandsk har derimot tidleg gått over til eit mønster der nestsiste vokalen avgjer sluttvokalen slik: *-ena*, *-ane* (/gʊ:tane, veʝjəna, sa:jəna, vi:səna/) (Rundhovde 1976). Dette mønsteret er belagt alt i 1811 i Os. I yngre mål i indre Hardanger har tendensen gått i same lei (i Eidfjord, Kinsarvik til Hesthamar og Ullensvang til Hovland/Bleie), altså til *-ane* og *-ena* uavhengig av kjønn, men i det aller yngste målet er *e*-en generalisert i alle endingane der òg (Helleland 2005: 241, Lid 2015: 95). Dessutan står det enklaste mønsteret med *-ana* og *-ena* i begge kjønna nokså sterkt i ytre Hordaland i dag.

f. Nøytrum

I Hardanger og Nordhordland har det vore skilnad på *-e* og *-æ* i endestavingar slik at dialekten har f.eks. hatt motsetninga *snøre* i eintal og *snøræ* i bestemt form fleirtal. Aasen noterer det historisk rette, og Vidsteen gjer likeins, men Opedal er ikkje konsekvent. Det har vore ein tendens til å la desse to fonetisk nærståande endevokalane falle saman, og dermed har

bøyinga blitt lite funksjonell. Det kan vere grunnen til at inkjekjønnsord med trykklett *-e* i ubestemt eintal (*eple*-typen) fekk hokjønnsendinga *-ena* tidleg inn i fleirtal, altså former som *eplena*. Andre stadar er det hokjønnsendinga *-ene* som er overført. Ei slik analogisk ending er gammal i Stavanger (Berntsen & Larsen 1925: 224), men ho er òg registrert i bygdemål i Randaberg (Doublt 2015: 24), på Voss (Sandøy 1985: 261) og i Ullensvang (Lid 2015: 53).

5.3 Verb

a. Endingslause infinitivar

Apokopen i nordnorsk og trøndersk begynte i mellomnorsk periode, og da skjedde ho i alle infinitivar i nordnorsk, mens trøndersk apokoperte berre etter lang staving. Første opplysninga om at trøndersk lét apokopen gå vidare enn i desse orda, er frå kring 1800 i trondheimsk, som presten Busk Brun beskriv litt. Han opplyser nemleg om formene /jø:r/ 'gjere' og /væ:r/ 'vere' for det som elles skulle ha formene /jøra/ og /væra/ i denne dialekten (Dalen 2008: 95). Seinare har slike former dukka opp mange stadar i landet. *Å ver* og *å jer* er godt utbreidd i yngre mål på Vestlandet både i e- og a-målsområdet (f.eks. Stavanger; Bøe 2013 om Rogaland). At dette er knytt til verb med stammeutgang på *-r*, viser at det er eit "leksikalsk-fonologisk" fenomen, og det ser ut til helst å ramme frekvente verb. Truleg går dette vidare enn Vestlandet, men det er lite undersøkt.

b. Presens av svake verb

Endings-*r* i svakt presens finn me i området vårt berre i indre Hardanger, søre Sunnhordland og dessutan i Sauda og Suldal i indre Ryfylke (jf. Venås 1974: kart 1), men dette gjeld berre endinga *-ar*, for *døma* heiter i presens /dø:me/. Einaste staden på Vestlandet med både *-ar* og *-er* i presens er Røldal (i Hardanger) (Venås 1974: 99; Opedal 1960: 10; Helleland 2005: 242). Den utbreidde manglande symmetrien (*-ar*, men *-e*) i presens av verb – altså *kastar*, men *døme* – er litt underleg, men han er lite åtgådd. Aasen berre konstaterer *-ar* for Hardanger og seier ikkje meir.

Utviklingsretninga har seinare vore at Rogaland (saman med Vest-Agder) tidleg har fått overgang av *-a* til *-e* i presens av kaste-klassen, og det rammar også endinga *-ar*, som då går til *-e*, og slik fell *r*-en heilt ut av presens ved denne morfologiske analogien. Samanfallet i *-e* er gjennomført i Stavanger, mens ein i Haugesund finn det i 56 % av relevante førekomstar hos ungdommar fødd kring 1970 (Gabrielsen 1991: 77). Alt hos informantar fødd 1950–1979 i Sauda var bruken av *-ar* nede på 2 % (Neteland 2014: 207). Hos ungdommar på Voss fødd 1981–82 rår òg *e*-en (Akselberg 2003: 217). Hos dei yngste i Ullensvang ligg bruken av *-ar* nede på 1,5 % (Lid 1985: 89),

og ungdommen i Øygarden brukar *-a* i 14,5 % av aktuelle tilfelle (Villanger 2010: 72). Sørvestlandet har altså lite att av *a*-presens i dag.

I nord er ikkje den analogiske utjamninga til *-e* noko vanleg. Finn Aarsæther såg i 1984 at yngre språkbrukarar i Ålesund hadde mykje meir *a*-ending enn dei eldre, 91, % mot 50,4 % (Aarsæther 1984: 57). Denne endringa avspeglar korleis høgstatusspråket var på vikande front. I Høyanger var *e*-en på veg inn i dialekten til den første generasjonen høyangerbuar etter industrialiseringa (fødd 1920–45), men i generasjonen fødd etter 1945 er *a*-en igjen gjennomført (Solheim 2010: 209f.). Vestlandet viser her altså to ulike tendensar i utviklinga.

c. Talbøying

Aasen (1843: 59, 1844 a: 90, 101) opplyser om at nordhordlandsk, vossamål og hardingmål hadde talbøying av sterke verb i presens, og mange verb også i preteritum. Heggstad (1932) fortel om talbøying i vossamålet i presens, men at ho gjaldt berre få sterke verb (altså typen *skrivu – skriva*), derimot stod talbøyinga systematisk i preteritum av sterke (som i *sprang – sprongo*). Dette var tidleg på 1900-talet; i dag er talbøyinga forsvunnen. Opedal (1960: 10) fortel om hardingmålet at slikt fanst i hans tid (dvs. i første halvdel av 1900-talet) mest berre hos gamle folk og i visse ord. I dag er denne bøyinga forsvunnen der òg.

5.4 Adjektiv: Skilje mellom hankjønn og hokjønn

Eit skilje mellom hankjønn og hokjønn i eintal er belagt berre frå Voss (Aasen 1844 1: 90), Hardanger (Aasen 1844 1: 101) og Setesdal – og siste dialekten fell utafør vestlandsk. Det kjem fram både ved at svarabhaktivokalen stod berre i hankjønnsorda, og ved at hokjønnsformene hadde ein morfofonologisk *u*-omlyd. Opedal (1960: 12) viser dermed denne bøyinga:

ain flatu stein, ai fløt fō ‘rauv’ (Ullensvang, Kinsarvik, Eidfjord),
ain gamadle mann, ai gòmøl segn (Kvam, Ulvik, Granvin.)

Heggstad (1932: 32) viser frå Voss former som *brattu – brøtt, vannsammù – vònnsømm, fjèlgù – fjølg*. Aasen (1844 a: 101) føyer til at “Imidlertid ere disse Former ikke i fuldkommen Brug, da Adjektiverne ogsaa deklineres paa samme Maade som i de andre Dialekter”, dvs. at han har registrert ein konkurrerande bøyingmåte som finst elles i grannemåla utanom Voss. 150 år seinare er det utjamna former som rår både i Hardanger og på Voss. Lenger sør, dvs. i Rogaland, fanst ikkje *u*-omlydte former i hokjønn eintal, opplyser Aasen (1844 b: 5).

I adjektiv på *-en* har kjønnskiljet halde seg mykje lenger, slik at ein fann motsetningar mellom *råten – råto/-æ/-a*, der hokjønnsendinga alltid svarte til endinga i bestemt eintal sterke hokjønnsord. Dette systemet stod sterkt langt inn på 1900-talet, men etter andre verdskrigen har ei analog utjamning der hankjønnsforma òg blir brukt i hokjønn, vunne fram hos yngre i det meste av sørvestlandsk, og det er på veg inn i fjordamålet. Nordvestlandsk elles held framdeles på eiga hokjønnsbøying.

I fleirtal var kjønnsbøyinga slik i han-, ho- og inkjekjønn: *store – stora – stor(e)*, og den finn ein dokumentert frå tidleg på 1900-talet frå nord til sør med unntak av Rogaland. Rypdal (1929: 19) fortel frå tidleg mellomkrigstid at dei unge i Romsdalen går då over til *-e* i hokjønn, men *a*-bruken fanst hos somme til etter 2000 (Sandøy 2011: 232). Heggstad (1932: 33) har òg både den gamle og den nye bøyinga frå Voss. Opedal (1960: 33) viser spesiell hokjønnsform i både eintal og fleirtal på denne måten: *kejýré è jold, kejýdna è jèlda*. Men heller ikkje i Hardanger held unge oppe den bøyinga i dag.

Vidsteen (1884: 6) opplyser om vossamålet at adjektiv i inkjekjønn fleirtal har same form som i hokjønn eintal (dvs. systematisk som i gammalnorsk); det vil då seie utan ending og med ev. u-omlyd. Men det heldt alt då på å døy ut i vossamålet. Heggstad (1932: 33) fortel at “*enno segjer mange eldre folk: aorè verta lònng nó; húsè è kòld; dei vò só skòrp òdl dei bòdnè*, og um karar og kvinnfolk saman: *dei è mòng* (mange).” Både Rypdal og Heggstad fører òg opp ei mogleg *e*-ending i inkjekjønnfleirtal, dvs. at ei analog hankjønnsform var på veg inn kring 1900 i romsdalsk og vossamålet. Aasen reknar *e*-endinga frå maskulinum som den normale for heile fleirtal i sunnmørsk og fjordamål kring 1850, men han nemner at endinga *-a* i hokjønn finst i somme distrikt, men ikkje konsekvent. For Sogn og Nordhordland er *-a* rekna som normalendinga i hokjønn fleirtal (Aasen 1843: 15, 26, 58). Det gamle systemet levde såleis synst og nørdest på Vestlandet, og me ser at den analogiske utjamninga mellom dei tre kjønna i fleirtalsbøyinga har teke heile perioden frå 1800.

6 Omfanget av endringane

Største grenseendringa etter 1800 gjeld skarre-*r*, som kring 1800 kanskje var godt etablert berre i Kristiansand, jf. bolk 4.3 og kart 2. Den andre store omlegginga er at det utover 1900-talet har skjedd ei stor omlegging frå *-a* til *-e* i presens av kaste-klassen, jf. bolk 5.3. Denne endringa kjem først i tettstadar, og det ser ut til at ho òg breier seg frå sør til nord på Sør-Vestlandet. No er den nye endinga velkjent i nordhordlandsk òg, men variasjonen er framdeles stor i kvart lokalsamfunn.

På hi sida har grensene for delt hokjønnsbøying halde seg svært godt på Sør-Vestlandet. Nordgrensa for e-målet har på same viset lege svært fast etter den gamle fogderigrensa mellom Romsdal og Nordmøre, sjølv etter at Eidsøra blei lagt til romsdalskommunen Nesset i 1877. Men etter barne-skolen der blei nedlagt i 1999, ser det ut til å komme ein overgang til e-infinitiv (Eidsør 2007). I det sørvestlandske a-målsområdet kom det opp eit e-mål i industribygda Tyssedal først på 1900-talet, men det er i dag på veg ut att ved at ungdommen tek opp Odda-former, og dermed blir e-en kanskje berre eit intermesso der.

I ei slik oversikt fokuserer me naturleg nok mest på *endringar* over dei aktuelle to hundreåra. Og endringane verkar vere mange. Men kan me måle meir nøkternt kor omfattande dei er i språket som heilskap? ‘Nøkternt’ kan då bety at ein koplår vekk subjektiv fokusering og subjektive kjensler av kva som er viktig for f.eks. identiteten. Ein enkel måte å måle på er å rekne ut talet på endringar i tekstar frå naturleg tale. Med å ta utgangspunkt i ein transkripsjon av eit samtaleopptak med ein ungdom fødd kring 2000 frå Mossige i Hå kommune og så “rette” teksten til slik dialekten var då informantane hans Ivar Aasen lærte seg å snakke kring 1800, får me kvantifisert endringane. Ivar Aasen oppheldt seg nemleg på denne garden seks veker hausten 1844 og beskreib dialekten der (Aasen 1853). Resultatet når me reknar ut snittet per tekstbit på 100 ord, blir 8,7 endringar, eller 4,35 per hundreår (Sandøy 2015). Dette var langt sør i området vårt; gjer me tilsvarande test for romsdalsk, altså nördste dialektområdet innafor vestlandsk, er resultatet 4 per hundreår (Sandøy 2011: 308f.). I fleire slike testar for norske dialektar blir resultatata liggande mellom 2,5 og 5, slik at resultatata ovafor kan tolkast som endringar innafor “normalen”. Om det er mykje eller lite, kan me betre avgjere når me jamfører med ein tilsvarande test på endringar frå 1250 til 1800, som viser 24,7 per hundreår for dialekten i Tingvoll prestegjeld på Nordmøre, og utviklinga der er neppe særleg ulik den generelle tendensen i norsk (Sandøy 2007). Ein hovudkonklusjon bør bli at det har skjedd lite språkleg i norske dialektar dei siste par hundreåra. Dèt bør vere ei overrasking ut frå den vanlege oppfatninga at nettopp tida i dag er prega av så store omskifte.

Som nemnt i bolc 3 kan me truleg seie at det har skjedd ei stor demografisk endring i dialektane. Det betyr at det har skjedd ei relativ forskyving i talet på brukarar av dei ymse dialektane både gjennom forskyving i tyngdepunkta i folketal frå indre til ytre strøk og ved sentralisering til byar. Over lengre tid kan det truleg innverke på kva område som påverkar eit anna, men slike endringar skjer ikkje fort. Me må samtidig ha i mente at i absolutte tal har dei aller fleste lokalsamfunna vakse og dei lokale dialektane fått fleire brukarar.

7 Sosial variasjon

I første halvdel av 1800-talet begynte det å utvikle seg ein overklassedialekt i Bergen ved at borgar- og embetsstanda tok til å nytte eit skriftmålstilpassa talemål som kvardagsspråk, og det enda med at borna fekk det som sitt morsmål (førstedialekt). Tidlegare var eit skriftmålsbasert lesespråk brukt i høgtidlege situasjonar, men i så avgrensa situasjonar at det gav ikkje grunnlag for utvikling av ein ny dialekt. Denne nye *sosiolektiske forskjellen* voks fram som del av bykulturen i Norge, og difor finn me same utviklinga i Stavangar òg (jf. Berntsen & Larsen 1925). Dette mønsteret har i liten grad nådd bygdene, men det kom til industristadane (Solheim 2010, Neteland 2014) og somme bygdesentrum.

Dette skapte større språkleg variasjon i landet og i lokalsamfunna. Men etter 1970 har det sosiolektiske mønsteret gått svært mykje tilbake pga. at høgstatusdialekten har tapt bruksomene, og han har endra seg i retning lågstatusdialekt, som på si side har teke opp nokre tidlegare høgstatusdrag. Dermed har det skjedd ei utjamning mest i retning den tidlegare lågstatusdialekten. Det vanlege i bysamfunna er såleis at den sosiale variasjonen har minka igjen. I Bergen ser me rettnok eit tilfelle av at den tidlegare sosiolektiske variasjonen går i retning av å bli ein geografisk forskjell på Bergen sentrum og Fana (Sandøy o.fl. 2014).

I det eldre bondesamfunnet, som i første halvdel av 1800-talet var prega av standssamfunnet, var det situasjonar der bønder la seg etter høgtidsspråk, dvs. at også bønder og lærarar brukte klokkardansk i visse situasjonar. Det er f.eks. illustrert i skodespelet frå Os frå 1811. I ein test i Hå på Jæren i 2013 viste det seg at ein *situasjonsbunden variasjon* ikkje var tydeleg markert lenger; same informantane som blei intervjuar i to ulike situasjonar, av ein lokal og av ein søraustlandsk intervjuar, heldt seg svært konsekvent til dialektdraga sine (Slettebø 2014). Den gjennomsnittsforskjellen ein fann, kan omreknast til 0,26 per 100 ord, og samtidig var alle variantane i den formelle situasjonen også brukt i den uformelle, slik at forskjellen gjekk berre på frekvensen.

Denne granskinga frå Nærbø vitnar om stor lokal og sosial språkleg homogenitet i dag, noko som kan vere resultat av dialektbølgja som begynte på 1970-talet – eller av seinmoderniteten, som kulturforskarane er opptekne av, og som truleg gjev oss eit relevant perspektiv. Samtidig blir me nok gjennom media utsett for større og meir språkleg variasjon enn nokon gong før. Samla sett viser dermed observasjonane våre mange tendensar som å sjå til er motsetningsfylte. Men dei viser òg kor komplekse samfunnsvilkåra for språkending er.

Referansar

- Abrahamsen, Jardar Eggesbø. 1995. *Utvalde palatal-tal. Metodekritiske lys på avpalatalisering i yngre mål i Herøy på Sunnmøre*. Upubl. hovudoppg. Trondheim: Universitetet i Trondheim.
- Akselberg, Gunnstein. 2003. Utviklinga av vossamålet ved tusenårsskiftet. Ei granskning av språkbruk hjå ungdomar på Voss 2001–2002 sett i eit tale-språkleg regionaliseringsperspektiv. I: Gunnstein Akselberg, Anne Marit Bødal & Helge Sandøy (red.), *Nordisk dialektologi*, 197–226. Oslo: Novus.
- BD III = Ivar Aasen: *Brev og dagbøker*. Utg. ved Reidar Djupedal, 1960. Oslo: Samlaget.
- Berntsen, M. & Amund B. Larsen. 1925. *Stavanger Bymål*. Oslo: Bymålslaget.
- Birkeland, Mariann. 2008. “*Dei e teite og dei e mår stril enn oss*” Ein komparativ analyse av talemål, haldningar og samfunnsforhold i nordbordlandskommunane Meland og Radøy. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Bødal, Anne Marit. 2003. *Bymål i Sunnfjord. Ei sosiolingvistisk undersøking av språk og identitet i Florø og Førde*. Upubl. hovudoppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Bøe, Per Sigmund Sævik. 2013. *Språkendringer sør på Jæren. En sosiolingvistisk studie i virkelig tid fra Ognå*. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Dalen, Arnold. 1972. Nyare monoftongeringstendensar i Inntrøndelag. I: Hallvard Magerøy & Kjell Venås (red.), *Mål og namn*, 39–51. Oslo: Universitetsforlaget.
- Doublet, Ingrid Anne Christine. 2015. *Randaberg, den grøne landsbyen. Ei sosiolingvistisk undersøking av talemålet i Randaberg*. Volda: Høgskulen i Volda.
- Daa, Ludvig Kr. 1846. Om de norske Dialekters Bogstav-System. I: *Nor. Tidsskrift for Videnskab og Literatur*, 3: 160–167. Kristiania: Wulfsberg & Co.
- Eidsør, Lene. 2007. Dialektforandringer på Eidsøra. I: *Romsdal Sogeland Årsskrift*, 116–122.
- Foldvik, Arne Kjell. 1988. Spredning av skarring i Norge i løpet av om lag 70 år. I: *Norske Lingvistiske Tidsskrift*, 6, 55–61.
- Fossheim, Marie. 2010. *Språket på Midøya – en sosiolingvistisk oppfølgingsstudie av talemålene på ei øy i Romsdalen*. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Gabrielsen, Finn. 1991. *Haugesund bymål*. Bergen: Alvheim & Eide.
- Haslum, Vidar. 2012. Hvor lenge har kristiansandere skarret på r-en? I: Unn Røyneland & Hans-Olav Enger (red.), *Fra boltjar til bolting. Språkhistoriske og språksosiologiske artikler til Arne Torp på 70-årsdagen*, 157–172. Oslo: Novus.

- Haugen, Ragnhild. *Variasjon og endring i sognsdalsdialekten*. Målbryting, 1. Bergen: Nordisk institutt.
- Heggstad, Leiv. 1932. *Vosse målet. Ei stutt utgreiding um ljod-, bøygnings- og setningslæra med nokre prøver på målføret*. Molde.
- Helleland, Botolv. 2005. Målsamlaren Halldor O. Opedal. I: Halldor O. Opedal, *Harding målet. Ord og vendingar og stil*. Ny og auka utgåve ved Oddmund Hus, s. 239–254. Odda: Hardanger Folkeminnelag.
- Jenssøn, Kristen [Iensøn, Christen]. 1646. *Den Norske Dictionarium Eller Glosebog*. København. — Òg utgitt av T. Hannaas i 1915 i serien *Ældre norske sprogminde*, 3. Kristiania: Den norske historiske kildekriftkommission. I faksimile i 1946 ved Per Thorson, Bergen: Eides forlag.
- Larsen, Amund B. 1926. *Sognemålene*. Oslo: Dybwad.
- Lianes, Anna. 2013. *Endringar i talemålet i Åram på Søre Sunnmøre. Ei sosiolingvistiske granskning i tilsynelatande tid*. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Lid, Hallvard. 2015. “Men Odda e’ jo da naturle’ sentere’ fy oss, dao.” *Ei sosiolingvistiske granskning av variasjon og endring i dialekt i Ullensvang herad*. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Myklebost, Hallstein. 1960. *Norges tettbygde steder. 1875–1950*. Ad novas, 4. Oslo: Universitetsforlaget.
- Nesse, Agnete. 2011. “Norskheter i språket hos ...” – Et eksempel på minimalistisk språkhistorisk skriving? I: Helge Sandøy & Ernst Håkon Jahr (red.), *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)*, 32–47. Oslo: Novus.
- Neteland, Randi. 2014. *Koinéforming av industristedtalemål. En sosiolingvistiske studie av språkutviklingen i Sauda og Årdal de siste hundre årene*. Dr.-avh. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Oftedal, Magne. 1972. Rural and urban dialects in a corner of Norway. I: Evelyn Scherabon Firchow et al. (red.), *Studies for Einar Haugen. Presented by friends and colleagues*, 419–436. Haag/Paris: Mouton.
- Opedal, Halldor O. 1960. *Hardanger-målet. Ord og vendingar og stil*. Norsk Målførearkiv, 15. Oslo: Universitetsforlaget.
- Papazian, Eric & Botolv Helleland. 2005. *Lokal og sosial variasjon*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Rundhovde, Gunnvor. 1964. *Målet i Hamre. Ljodvokster og stutt utsyn over formverk i eit Nordhordlandsmål*. Universitetet i Bergen. Årbok 1962, 3. Bergen.
- Rundhovde, Gunnvor. 1976. Målføra eller dialektane i hordalandsbygdene og i Bergen by. I: Gunnar Hagen Hartvedt (red.), *Hordaland og Bergen*, 394–408. Bygd og by i Norge. Oslo: Gyldendal.
- Rypdal, Hans. 1929. *Romsdalsmaalet. (Tresfjorden). Formlæra*. Norske målføre 10. Oslo: Norli.

- Sandvik, Olav Hetland. 1979. *Talemål i Rogaland – i går, i dag og i morgon. Om uttale, bøyning og ordtilfang i Rogalandsmålet*. Rogalandsforskning. Rapport 1. Stavanger.
- Sandøy, Helge, Ragnhild Lie Anderson & Maria-Rosa Doublet. 2014. The Bergen dialect splits in two. I: Kurt Braunmüller, Steffen Höder & Karoline Kühl (red.), *Stability and Divergence in Language Contact. Factors and Mechanisms*, 240–263. Amsterdam: Benjamins.
- Sandøy, Helge. 1985. *Norsk dialektkunnskap*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2007. Kvantifisering og typologisering av språkendring og samfunn. I: Lennart Elmevik (red.), *Nya perspektiv inom nordisk språkhistoria. Föredrag hållna vid ett symposium i Uppsala 20–22 januari 2006*, 145–160. Acta Academiae regiae Gustavi Adolphi XCVII. Uppsala.
- Sandøy, Helge. 2011. *Romsdalsk språkhistorie. Frå runer til sms – og vel så det*. Oslo: Novus.
- Sandøy, Helge. 2015. Norsk talemål etter Aasen. I: Jan Ragnar Hagland & Åse Wetås (red.), *Ivar Aasen ute og heime – om moderne språkdokumentasjon etter Ivar Aasen*, 90–109. Skrifter 2015, 1. Trondheim: Det Kongelige Norske Videnskabers Selskab.
- Seip, Didrik Arup. 1934. Et skuespill på Hordalands-mål fra 1811. I: *Maal og Minne*, 1–52.
- Slettebø, Kjersti Wold. 2014. “Men det er klart at av og til må eg jo leggja om.” *Ei sosiolingvistisk gransking av situasjonsbetinga variasjon i Hå kommune*. Upubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Solheim, Randi. 2010. *Sosial smeltedigel – språklege legeringar. Om talemålsutviklinga i industrisamfunnet Høyanger*. Acta Nordica. Studier i språk- og litteraturvitenskap. Trondheim: Tapir.
- Særheim, Inge. 1998. Føyne/Føyne, Karmøyne/Karmøyne. Ei dialektgrense i Nordvest-Rogaland. I: *Årbok for Karmsund 1997–1998*, 184–197.
- Særheim, Inge. 2011. Nokre kjelder som gjev opplysningar om sørvestlandsk mål i eldre nynorsk tid. I: Helge Sandøy & Ernst Håkon Jahr (red.), *Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814)*, 108–123. Oslo: Novus.
- Sævik, Ragnhild. 2000. *Variasjon og endring i talemålet på søre Sunnmøre. Ei sosiolingvistisk gransking av talemålet i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande*. Upubl. hovudoppg. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Sølvberg, Ola. 1998. *Endringar i fordedialekten. Ei kartlegging av talemålet til vaksne og unge i Førde*. Upubl. hovudoppg. Kristiansand: Høgskolen i Agder.
- Sørli, Mikjel. 1959. Om Odda-målet i dag. I: *Maal og Minne*, 55–66.
- Tesdal, Jon Olav. 1974. *Substantivbøyinga i eit vestnorsk målføre (fleirtal og bunden form). Ei synkron utgreiing med eit målgeografisk oversyn*. Upubl. hovudoppg. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Torp, Arne. 2007. R. *Ei urokråke i språket*. Oslo: Det Norske Samlaget.

- Ulvestad, Bjarne. 1966. Vokalsystematikken til Ivar Aasen. I: *Maal og Minne*, 35–52.
- Ulvestad, Bjarne. 1998. Ivar Aasen og granskinga av sunnmørsmålet. I: Jarle Bondevik & Oddvar Nes (red.), *Ivar Aasen-studier* 1, 55–89. Bergen: Norsk Bokreidingslag.
- Venås, Kjell. 1974. *Linne verb i norske målføre*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Venås, Kjell. 1990. *Den fyrste morgonblånen. Tekster på norsk frå dansketida*. Oslo: Novus.
- Vidsteen, Chr. 1882. *Oplysninger om Bygdemaalene i Søndhordland*. Bergen: Giertsen.
- Vidsteen, Chr. 1884. *Oplysninger om Vossemaalet*. Bergen: Giertsen.
- Vidsteen, Chr. 1885. *Oplysninger om Bygdemaalene i Hardanger*. Bergen: Giertsen.
- Vidsteen, Chr. 1900. *Ordbog over Bygdemaalene i Søndhordland – med en kortfattet Lydlære og Bøininglære samt Sprogprover*. Bergen: Grieg.
- Villanger, Silje. 2010. “Da hadde vært kult visst vi hadde snakka strilsk om hondra år.” *Ei sosiolingvistisk oppfølgingsgransking av talemålet i Øygarden*. Unpubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Worren, Dagfinn. 1980. Om bortfall av palatal nasal på Søre Sunnmøre. I: *Maal og Minne* 3–4: 193–214.
- Worren, Dagfinn. (Under publ.). Eit maskulint i-mål. Foredrag på Tionde nordiska dialektologikonferensen i Mariehamn, 20–23 augusti 2014.
- Ødegård, Randi Haugen. 2013. *Dialektutvikling hos barn og ungdom på industristadane Odda og Tyssedal*. Unpubl. masteroppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Ølmheim, Per Arvid. 1983. “. sa sogningen til fjordingen”. *Målføre i Sogn og Fjordane*. Bergen: Sogn mållag og Firda mållag.
- Øyehaug, Olbjørn. 1972. *Ein studie i delar av lydverket hos eldre og yngre i Ørsta. Litt om korleis og kvifor det har vorte brigda*. Unpubl. hovudoppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Aarseth, Arne. 1981. *Osmålet. Et Hordalandsmål i forandring*. Unpubl. hovudoppg. Bergen: Universitetet i Bergen.
- Aarsæther, Finn. 1984. *E syns alle folk snakka likt e! En studie av talemålsvariasjon i Ålesund bymål*. Unpubl. hovudoppg. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Aasen, Ivar. 1843. “Oplysninger om Almuesproget i de nordligste Dele af Bergens Stift, nemlig Søndmør, Nordfjord, Søndfjord og en Deel af Yttre-Sogn”; “Oplysninger om det sognske Almuesprog”; “Oplysninger om det nordhordlehnske Almuesprog”. Trykt første gong i: Jarle Bondevik, Oddvar Nes & Terje Aarset, *Målsamlingar frå Bergens Stift av Ivar Aasen*, 1–20; 21–53; 55–85. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, A3. Bergen: Norsk Bokreidingslag 1995.

- Aasen, Ivar. 1844 a. "Oplysninger om det vossiske Almuesprog"; "Oplysninger om Almuesproget i den sydligste Deel af Bergens Stift, indbefattende særskilt 1. Hardanger 2. Søndhordlehn"; "Oplysninger om Almuesproget i Bergens Stift". Trykt første gong i: Jarle Bondevik, Oddvar Nes & Terje Aarset, *Målsamlingar frå Bergens Stift av Ivar Aasen*, 87–96; 97–129; 131–218. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, A3. Bergen: Norsk Bokreingslag 1995.
- Aasen, Ivar. 1844 b. "Oplysninger om Almuesproget i Stavanger Amt"; "Oplysninger om Almuesproget i Mandals og Nedenæs Amter indbefattende særskilt: 1 Listers og Mandals Amt 2. Sætersdalen og vestre Raabygdelaget 3. Nedenæs og østre Raabygdelaget". Trykt første gong i: Jarle Bondevik, Oddvar Nes & Terje Aarset, *Målsamlingar frå Christansand og Agershuus Stifter av Ivar Aasen*, 1–17. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, A4. Bergen: Norsk Bokreingslag 1997.
- Aasen, Ivar. 1845. "Oplysninger om Almuesproget i Mandals og Nedenæs Amter indbefattende særskilt: 1 Listers og Mandals Amt 2. Sætersdalen og vestre Raabygdelaget 3. Nedenæs og østre Raabygdelaget"; "Oplysninger om Almuesproget i Tellemarken; nærmest indrettede efter Dialekten i Sillejords Præstegjeld". Trykt første gong i: Jarle Bondevik, Oddvar Nes & Terje Aarset, *Målsamlingar frå Christansand og Agershuus Stifter av Ivar Aasen*, 19–50; 51–91. Skrifter frå Ivar Aasen-selskapet, A4. Bergen: Norsk Bokreingslag 1997.
- Aasen, Ivar. 1848. *Det norske Folkesprogs Grammatik*. Kristiania; Trykt hos Werner & Comp. — Filologisk utgåve ved Terje Aarset i 1996 i Skrifter frå Ivar Aasen-instituttet, 1. Volda: Høgskulen i Volda.
- Aasen, Ivar. 1851. *Søndmørske Grammatik eller kortfattet Underretning om Bygde-maalet paa Søndmør*. Ekset: Mauritz A. Aarflot.
- Aasen, Ivar. 1853. *Prøver af Landsmaalet i Norge*. Kristiania: Trykt hos Werner & Comp.

Helge Sandøy
 Professor
 Nordisk språk
 Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium
 Universitetet i Bergen
 Boks 7805
 NO-5020 Bergen

Helge.Sandoy@uib.no